

ARBEIDSORDNING

1. Møte er ope for pressa.
2. Til å leia møtet vert det vald 1 dirigent. Dirigentane ordnar leiinga av møtet seg imellom. Til å føre protokollen vert det vald 1 sekretær.
3. Ingen har rett til å få ordet meir enn 2 gonger til same sak. Taletida vert sett til 3 minuttar første gongen og 1 minutt andre gongen. Dirigenten har - når han/ho finn det turvande - rett til å fremja forslag om ytterlegare avgrensing i taletida og strek med innteikna talarar. I den grad dei finn det føremålstenleg, kan dirigentane foreslå endringar i rekkefølga på punkta i den vedtekne dagsorden.
4. Utanom delegatane har styret tale- og forslagsrett. Gjestane har talerett.
5. Ingen får ordet til forretningsorden meir enn ein gong, og høgst 2 minuttar til kvart punkt på dagsorden.
6. Framlegg må leverast skriftleg til dirigenten på forslagsark, underteikna med vedkomande sitt namn og kommuneparti.
7. Delegater som forlet møtet før avslutninga skal be om permisjon, stemmekort og stemmesetlar skal leverast til dirigentbordet. Dersom vararepresentant skal møte på deler av møtet, skal dette varslast ved registrering.
8. Skal ein representant ha stemmerett, må denne vera registrert ved konstituering. Dersom representantar vert forhindra frå å møte innanfor denne tidsramma, må sekretariatet varslast. Ved slike høve kan det bli gjeve dispensasjon.
9. Dersom ein representant mistar stemmekort eller stemmesedlar, vert det ikkje utdelt nye.
10. Alle vedtak fatta med alminnelig fleirtal. Dersom nokon forlangar det, vert det føreteke skriftleg avrøysting.
11. Fylkesstyret får fullmakt til å godkjenna protokollen